

Vi kan elles roa klagar med at vi har kontakt med firmaet Tison og Titlestad som vil leggje fram for Lindås kommune vårt framlegg til løysing vedr minirensaneanlegg. Vi håper sakshandsaminga hos Lindås kommune tek kort tid slik at vi kan få godkjenning for plassering av minirensaneanlegget fortast råd er. Når det vert peika på at rusmisbrukarar er spesielle smitteberarar vitnar denne påstanden frå klagar om mangel på kunnskap om denne gruppa. Det er generelt lite sannsynleg at sjukdom vert spreidd gjennom kloakksystemet. Forsking viser at mellom 1889 og 2002 er det kun oppdaga eit tilfelle av sjukdomsmitte gjennom kloakk, då var det brot på kloakkleidning som ureina vasskjelda. (Kjelde;Vannforeningen.no)

Det vert hevda at det har blitt funne brukarutstyr i terrenget, i buss-skuret og i hagen til nabo. Det er rart at Rusomsorg Vest, Nappane, ikkje er blitt informert om slike funn. Vi har elles fått klage på, og blitt informert om, det naboar elles har opplevd som krenkjande, uheldige situasjonar. Funn av brukarutstyr har vi ikkje høyrte noko om, noko som er svært viktig at vi blir informert om. Er i så fall brukarutstyret levert til apotek? Og har de kvittering på innlevert brukarutstyr?

Når det gjeld kollektivtransporten og buss-skuret ved senteret, ser ikkje vi dei store utfordringane. Det er stort sett ingen bussar og få passasjerar, men to drosjar om dagen som køyrer skuleborn. Buss-skuret er heller ikkje nesten inne på tunet til Rusomsorg Vest, Nappane, men nokre meter frå innkjørselen til senteret.

Det vert vist til at senteret har hatt utagerande brukarar, noko Rusomsorg Vest, Nappane, ikkje kan nekta for er rett, men då i liten grad. Rusomsorg Vest viser elles til at sidan vi starta opp verksemda i 2009 kan vi telje på ei hand bebruarar som har vore utagerande, og det har gjerne vore enkelt situasjonar. Utagerande personar er elles ikkje eksepsjonelt for Rusomsorg Vest, Nappane, for på alle institusjonar kan ein møte utagerande personar. Vi handterer dette ved at vi set inn tiltak i form av fleire på jobb, og dersom truslar og vold skriv vi avvik i avviksprotokollen. Vi har ikkje opplevd dette som eit stort problem, og trur ikkje naboar, sambygdingar har gjort det heller. Vi vil hevde at bemanningssituasjonen vår er god nok òg til å handtere vanskelege bebruarar. Den siste tida har vi fått to fleire helsefagarbeidarar i personalet, pluss ein lærling.

Rusomsorg Vest, Nappane, kan ikkje sjå at viktige helsevurderingar er satt til sides ved gitt dispensasjon. Dersom dispensasjonen vert trekt tilbake, vil helsevurderingar verkeleg bli sett til side. Dersom døra vert stengt hos Rusomsorg Vest, Nappane, vil livet til våre bebruarar, eller potensielle bebruarar, stå i fare.

Om våre brukarar, potensielle brukarar, dør i overdose av mangel på behandlingssjans kan vi spørje kven som skal lastast for det. Er det event klagar som får medhald i klagen, eller er det Lindås kommune som gjorde feil sakshandsaming då dei i 2009 gav munnleg svar på at Rusomsorg Vest, Nappane, kunne starte det arbeidet som i dag vert drive på Nappane ?